

Julgeita i folketradisjonen

Julgeita var eitt av dei «vesena» vi fekk høyre om som ungar.

AV TOR ERIK JENSTAD

DET VAR nok ikkje så alvorleg meint, men meir for artigheit og som eksempel på kva dei fortalte om i gamle dagar. Eg kan i alle fall ikkje komma på at eg nokon gong har vore redd julgeita.

TRADISJON OG forestillingar om julgeita har gått vidt ikring. Ein har visst hatt dette på ein eller annan måte i alle landsdelar, kan det sjå ut til. Noko som går att mange plassar, er at ho var eit slags vette, eit fantasifoster som nærma seg garden eller heimen i tida fram mot jul. «Trevøkku fære jul går julgeita på kvennalur», heitte det i Sunndalen, og liknande fleire andre plassar. Kvennalur'n er åsen som «punnstein'» i kverna kviler på, så da var ho altså kommen inni kvernhuset. Så ein dag kunne ho vera kommen innåt utgarden, seinare inni vedaskotet, inni fjøset osv. I Øksendalen vart det sagt at ho gjømte seg i møkkjadungen. Mor mi, som voks opp på Brandstad, fortalte at når det ylte i telefonstrengene der, sa dei det var julgeita.

JULGEITA VART nok bruka til å skremme ungane med, både for å få dei til å vera snille og å halde seg inne om kvelden i denne mørke tida. På våre kantar tok ho såleis over for businn i den aktuelle sesongen, for så sjølv å bli avløyst av nyårsbøkkjen. I Hallingdal sa dei at julgeita kom og tok ungane dersom dei ikkje ville bada seg på julaftan. På Byneset fekk ungane vera oppe til midnatt på julkvelen. Men dei måtte ikkje sjå ut om glaslet midnattsleitet, for da kunne julgeita komma og ta dei. Det hendte dei gjorde seg såpass umak at dei laga eit geitehovud og sette på ei stong og stakk inn for å vise ungane at julgeita faktisk eksisterste og skremme dei til å vera skikkelege. Dette skal ha vore praktisert også i Sunndal. Fleire har elles fortalt om julgeita som eit farleg vesen, at det skulle varsle ulykke å sjå ho o.l.

DET KUNNE også vera slik at julgeita ville komma og ta den som ikkje fekk seg eit nytt klesplagg til jul. Litt meir drastisk var det i Rol-

lag i Numedal: Der kunne ho komma på besøk og skite på den som ikkje hadde fått noko nytt å stasa seg opp med til jul! Slik kunne julgeita fungere som eit slags arbeidstilsyn. Det kunne bli formant om at vedaskotet måtte vera fullt, så ho ikkje fekk plass til å ta inn der. Frå Buvika er det fortalt at ein måtte kjøre fram lauvved så julgeita hadde å eta på. I Øksendalen var det slik at når ein kjørte heim julveden, måtte ein sjå til at det vart eit lass med ris så julgeita fekk gjømme seg i. Elles kom ho inn i huset. Det same sa dei i Ål i Hallingdal; der var det bra å ordne til ein stor «beitekost» (risdunge), for da vart julgeita snillare. Om ein ikkje var oppe grytidleg om morgonen på julaftan og hogg julveden, kunne julgeita komma og skite på stubben, heiter det frå Telemark.

FRÅ TUSTNA har vi denne tradisjonen: Julgeita kom tidleg om morgonen den 22. desember kvart år, og sa ei regle: «Stat opp å bakka te jul, finst ikkje ved i skjul, finst ikkje leiv i bu, finst ikkje ost i bommål, finst ikkje smær i kistå, finst ikkje nå tå nåkkå slag, uhuuu». Så for ho vidare til neste gard og sa det same der. I Valnesfjord i Salten lydde advarselen slik: «Inkj ris i skjul, inkj mat tell jul, tre daga og tre netter tell jul!» Liknande påminningar kan også bli tillagt jutular og andre vette.

STUNDOM FÅR vi høre ting om julgeita som vitnar om ei viss samanblanding med nissen i tradisjonen. I Halså var ho faktisk framstilt som kjøregeit for nissen. Men ho kunne f.eks. komma heilt inni sjølve stua på jultatta og for sin veg att tidleg juldagsmorgonen. Da hadde ho kanskje lagt att pengar eller gåver. Men berre dersom det stod eit fat med risengrynssuppe på bordet til henne! På fleire gardar på Vossestrand er det «jolageitsteinar», der dei kanskje har ofra øl til julgeita for å halde seg til venns med henne. I Bakke i Vest-Agder kom julgeita straks før jul til ein bestemt

heller. Der venta ho å få julegraut og øl. Når ho ikkje fekk det, lurte ho seg ned i kjellarane, drakk opp ølet og pissa i øltynnene så det ikkje skulle merkast! Litt snillare var det i Eide på Nordmøre: Den kvelden julgeita skulle komma, sette ungane skorne sine ut i gangen. Neste morgon var det som oftast noko godt i dei, og det tok dei som bevis på at julgeita faktisk eksisterste.

KVAR HELDT julgeita til elles i året? I Sande på Sunnmøre budde ho ein plass som kallast Geitaskaret. Leif Halse fortel etter ei kjer-ring inni Todalen som han kalla Gammel-Brit. Ho kunne opplyse at julgeita heldt til inni Romådala. Der fann ho fôr og mat i høystakkar og markaløer. Ho følgde med høykjorarane ned til bygda når det lei til jul. Den som bar inn siste vedabøra julkvelden, bar med seg julgeita inn i stua.

DET ER ikkje sagt så mykje om korleis julgeita såg ut. Helst fôr ho sin veg før nokon fekk ein skimt av henne, og i alle fall var det uråd for ungane. I Hemsedal var det sagt at ho skulle ha ein stor, "løinn" kjole av geiteskin. Men av det vesle vi hører, må ho ha vore nærmast som eit monster. På Averøya meinte dei å vita at ho kunne legge hovudet på husmønet. Ingrid Fugelsnes hadde eit brotstykke av ei regle om julgeita etter oldefar sin: «Å di hånna, å den tåinna, va stør enn både Hjelman og Fåinna, å di kløn, å di labbann, va stør enn både Tustna og Stabbann». Da blir det skikkelege dimensjonar! Ei gammal folkeviser frå Beiarn handlar om ei kjempe som kallast «julgeitsonen».

EI LITT merkeleg uttaleform, men truleg sammenheng med julgeit, har også «juljotta mæ Stoggo», eit vette som blir omtala frå rundt år 1900 av fleire forteljarar på Nordskogen i Oppdal, blant anna Inge Krokann. Eit noe meir abstrakt preg får ho når ho blir kalla julheita, slik det er opplyst frå Storfosna: «pass-dæ så du itt

træffe julheita!»

JULGEIT HAR også vore eit ganske vanleg namn på personar som kledde seg ut og for rundt på besøk i jula (tilsvarar julebukk). Ivar Aasen fører opp denne tydinga i ordboka si. På Hitra var det skikk å gå både julebukk og julgeit. Frå Fjellværsøya er det fortalt at julgeita hadde følgje med seg også, tre skapningar som kallast Rankigål, Kløppikoll og Stilleboll. I Salten skulle dei ikkje gå julebukk trettandagen. Den som gjorde det, vart kalla julgeit.

I OPPDAL seier dei julgjet, og der har ordet ei særtyding. Det er nemleg brukt om juleneket, julebandet. Det heng nok saman med at ein før i tida gjekk fram etter meir bestemte metodar når ein gjekk julebukk eller julgeit. I nyare tid gjeld det berre å kle seg ut så ein ikkje blir attkjent, men før brukte ein bukke- og geitemasker, halmfigurar og anna.

SIKKEN MED å gå julebukk/julgeit kan ha svært gamle røter. Somme vil knyte det til ei skildring vi har frå ein germansk julefest i Konstantinopel på 900-talet, der karar utkledd i pelsar og masker oppførte ein ringdans. Andre har prøvd å sette julebukkskikken i samband med eldgamle fruktbarheitsritual. Folkeminnegranskaren Olav Bø meinte at opphavet heller var å finne i dramatiske framsyningar av julebodskapen frå middelalderen. I desse var somtid ein djevleliknande figur med, og denne kunne bli samanlikna med ein bukk eller ei geit.

ORDET JULGEIT har også eit par andre tydingar. Det har vore bruka som skjellsord, både på jålete, utspjåka jenter og upraktiske kvinnfolk. I Kristiansund vart den kalla julgeit som sovna først om julkvelen. Og på Vestlandet er det eit slags julebrød (julekaker) som har vore kalla julegeit. Oppskrifta kan vel variere, men det er helst ein sort sirupskaker med «horn» i endane.

TOR ERIK JENSTAD

er språkforskar, ordboksredaktør og folkemusikar. Skjellsordboka (1991) er berre ei av fleire språkbøker han har gitt ut. Tor Erik Jenstad er fødd 5. oktober 1956 i Sunndal, men han bur no i Trondheim, der han frå 2003 har vore redaktør ved Norsk Ordbok 2014.

.....(Allkunne)